



Ing. K. Dømbe  
Fanaveien 221 C  
5239 RÅDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1857 - 18/31478

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
16.10.2018

## Midlertidig brukstillatelse for 1.etasje - gbnr 212/133 Eikanger øvre

### Administrativt vedtak. Saknr: 561/18

**Tiltakshavar:** Nnp Parsell 5 AS

**Ansvarleg søkjar:** Ing. K. Dømbe

**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve datert 31.08.2017 og igangsettingsløyve datert 25.10.2017.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Elektro er ikkje ferdigstilt for kontordel
2. Det er etablert et HC toalett
3. Innredning av kontordel, kjøkken, garderobe og trapp til mesanin, samt rekkverk til mesanin

Mellombels bruksløyve gjeld 1.etasje og er gjeve til funksjonen **lager**.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 2019

Det vert elles vist til søknad motteken .

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for 1.etasje og til bruk som lager, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

### Skildring

Adresse:



Bygningstiltak:	Næringsbygg/kontor
Bygningsnummer:	300669336
Bruksareal:	1183 m <sup>2</sup>
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

#### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for 1.etasje på gbnr gbnr 212/133 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: 1.etasje og for funksjon lager
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 16.10.2019.

#### **Bortfall av mellombels bruksløyve**

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1857

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**

Ing. K. Dømbe  
Nnp Parsell 5 AS

Fanaveien 221 C 5239  
Eknes 51 5993

RÅDAL  
OSTEREIDET